



## Drift av kommunen

Kommunens administrasjon og politikarar skal vera der for å hjelpa den enkelte innbyggjar. Venstre vil ha eit tett samarbeid med nabokommunar for samordning av tenestar som Bjerkreim får god nytte av, men Venstre ønskjer ikkje noko kommunesamanslåing.

Det blei diverre innført eigedomsskatt i Bjerkreim. Bjerkreim Venstre vil arbeide for å fjerne denne så snart det er økonomisk mogleg.

## Gode sambygdingar

No er det nok ein gong tid for å velja styre for kommunen vår, og Bjerkreim Venstre kan presentera ei liste med gode kandidatar som vil gjera ein innsats for fellesskapet og det beste for bygda. Siste perioden har Bjerkreim Venstre vore representert i kommunestyret med ein kandidat, og me har hatt 1. varamann til formannskapet. Ved sist val var det 40 år sidan Bjerkreim Venstre stilte liste ved kommunevalet. Men det er viktig at partiet har med kandidatar i kommunestyret for å ta vare på det politiske mangfaldet. Det har vore ei interessant 4-års periode me har vore inne i. Bjerkreim er ein kommune i vekst, og det er store utfordringar som ventar i åra som kjem, særleg innan eldreomsorg, skule og landbruk. Med denne brosjyren presenterar me dei sakene som Bjerkreim Venstre har lagt tyngdepunkta på i neste periode. Dei siste helgene før valet har me stand både på Vikeså og Bjerkreim. De er velkomne innom til ein prat og diskusjon.

For Bjerkreim Venstre, Tore Malmei

Gje din stemme til Venstre på valdagen!  
Godt val.

## Bjerkreim Venstre si liste

Dei to fremste kandidatane våre er Tore Malmei og Mauritz Bjerkreim



**1. Tore Malmei**, Veterinær/ Bonde  
fødd -58 i Bjerkreim, gift med Siril Nyland.

Tore er utdanna veterinær ved Freie Universität Berlin i -83. Har sidan drive med allsidig praksis, hovudsakeleg stordyrpraksis. I seinare tid spesielt hestepaksis. Tore driv i tillegg gardsbruk på Malmei i Bjerkreim med sau og hesteoppdrett. Han engasjerer seg i kommunepolitikken fordi han ønskjer å fremje Venstres politikk: aktiv næringspolitikk inkl. landbruk, skule, eldreomsorg og bærekraftig forvaltning av ressurs og miljø i Bjerkreim.



**2. Mauritz Bjerkreim**, IT leder  
fødd -61, gift med Eva Løvbrekke

Mauritz har si utdanning frå Universitetet i Stavanger. Han er IT leiar for ein dataavdeling i Statoil. Mauritz har arbeida med IT innanfor oljeindustrien sidan 1984. Han er oppteken av riktig forvaltning av naturen og engasjerte seg i debatten for vern av Bjerkreimsvassdraget. Fritida går med til vedlikehald av hus, skog og hage på Laksheim. Restaurering av gamle steinmurar og steingardar er en av favorittene hans. Mauritz er også glad i musikk og har vore med i ulike kor og orkester. I fiskesesongen kan me sjå han langs bredden av elva.



**3. Arne Bjerkreim**  
Kulturskulerektor



**4. Anne Margrethe Vikeså**,  
Sjølvstendig næringsdrivande



**5. Stig Jøran Vikeså**  
Servicesjef



**6. Ola Vikeså**  
Lagersjef



**7. Sissel Grøtteland Vikeså**,  
Repromedarbeider

[www.bjerkreim.venstre.no](http://www.bjerkreim.venstre.no)

# Program Bjerkreim Venstre 2011 – 2015

## Folk først

«Menneske er viktigare enn system.  
Venstre prioriterar folk først.»



BJERKREIM  
venstre

## Samhald på tvers av alle parti

Me er frå hendinga i Oslo og Utøya minna på kor viktig samhaldet og kjærleiken for kvarandre er. Vold må hindrast og Noreg har vist at terror ikkje vil tolererast i eit land der demokratiet, fridom og samhald står så sterkt.

## Venstre er det sosiale liberale partiet

Venstres politikk skal sameine personleg fridom med ansvar for fellesskapet og for kvarandre. Å vere liberal er å ha toleranse og respekt for andre, og å tenke utover eiga lommebok og interesser. Vår ideologi vektlegg stor fridom for den enkelte, saman med eit sosialt sikkerhetsnett som hjelper dei som treng det. Som liberale stillar me kritiske spørsmål til det bestående, og spør oss alltid om noko kan gjerast betre.

## Skule, barn og ungdom

Bjerkreim kommune vil få ein sterk vekst i folketalet i åra framover. Difor vil Venstre arbeide for å få eit framtidretta skuletilbod. Framtidig arealbehov for skulen må avklarast i eit lengre perspektiv. Kommunen må syte for at lærarane får gode arbeidsvilkår og nødvendig kompetanseheving. Venstre vil gjenreise respekten for læraren og fagkunnskapen. Det skal vere nulltoleranse for mobbing i skulane i Bjerkreim. Venstre vil sikra barnehagedekning for dei som ønskjer det. Krav om full dekning må likevel ikkje gå utover kvaliteten på tilbodet.

Det skal vera godt å vakse opp i Bjerkreim. Difor er det viktig at barn og ungdom får eit enda betre kulturtilbod i fritida, men prisane må ikkje vera for høge. Difor vil Venstre arbeide for å setja ein maksimal pris på tilboda i kulturskulen uavhengig av kor mange tilbod som nyttast. Dei fleste fritidstilbod i kommunen er drifta av frivillige i lokale foreiningar og lag. Venstre vil vera ein pådrivar for at kommunen yter støtte til desse slik at flest mulig har anledning til å delta. Kommunen må syte for at det finst bygningar og anlegg nok til å huse tilboda for barn og ungdom.



## Eldreomsorg

Kapasiteten i eldreomsorga i Bjerkreim er sprengd. Bjerkreim har til nå hatt eit godt tilbod. Nå er det lang venteliste og noko må gjerast snarast råd. Personalet har god kompetanse og gjer ein god jobb.

Kommunen må investere i fleire sjukeheims plassar, etablera fleire eldrebustadar og opprette eit dagsentertilbod. Større ressursar til bemanninga både på omsorgssenteret og heimesjukepleia er naudsynt. Dei økonomiske rammene må aukast kraftig for å klare dette. Pasientar blir tidlegare heimsende frå sjukehuset. Det kostar kommunen svært mykje dersom me ikkje kan ta imot pasienten som vert liggjande ekstra døgn på SUS.

Det er innan eldreomsorga kommunen må gjera dei store investeringane komande år.



## Miljø

Venstre i Bjerkreim har som mål at kommunen skal vera den beste staden i Noreg å bu i. Bjerkreim Venstre ønskjer å utvikla kommunen slik at Bjerkreim assosierast med godt miljø, trygge oppvekstvilkår og flott natur. Naturressursane i Bjerkreim er mange. Det er desse naturressursane som skal gjera Bjerkreim til ein endå betre kommune å leva i, og det er dette som legg grunnlag for nye næringar og vekst i framtida.

Eit ønskje om å vera ein miljøkommune forpliktar. Difor vil Bjerkreim Venstre ikkje ha utbygging av store vindkraftanlegg i Bjerkreim. Dette er eit stort inngrep i naturen, både visuelt og i form av breie anleggsvegar. Vindkraft er rein kraft, men den må byggjast ut der det gir minst skade på naturen og ulempe for dei som bur i nærleiken. Bjerkreimsvassdraget har stor nasjonal betydning som lakseelv, og den er eit viktig trekkplaster for turistnæringa. Dette må kommunen dra endå meir nytte av. Venstre vil arbeide for at vassdraget fortsett å vera så livskraftig som det er i dag, og at vernet ikkje blir uthola. Venstre vil og passe på at utbygging av hyttefelt skjer skånsamt. Eit hyttefelt er ikkje eit nytt bustadområde, men ein viktig stad for rekreasjon og friluftsliv.


## Næring

Venstre meiner det er svært viktig å utvikle ny næring i Bjerkreim og nye industriområde må etablerast. Kommunen må arbeide aktivt for å få nye bedrifter til å etablerast her. Betre marknadsføring av Bjerkreim er naudsynt.

Det vil vera naturleg for Bjerkreim å satse på turisme. Bjerkreimsvassdraget og Bjerkreimsnaturen er eit naturleg utgangspunkt for ei slik satsing. Bjerkreim må bli ein pådrivar for å tilby bedrifter og innbyggjarar betre tilgong til mobil- og breibandtenester. I dag er store områder fortsatt utan dekning.

Kommunen må arbeide for at kollektivtilbodet til og frå kommunen blir betydeleg betra, spesielt mot Nord-Jæren og forbindelsen til Jærbanen.

Det er viktig med sikker og god vegstandard i kommunen og spesielt på E39. Bjerkreim Venstre vil arbeide for gode løysingar i Vikesåbakkane og i Runaskaret. Utbetring av E39 gjennom kommunen må sjåast i samanheng med planlegging av ny stamveg mellom Ålgård og Søgne. Det er ønskelig at staten finansierer stamvegane. Me må snarast avklara ny trase for riksveg 503 gjennom Vikeså og for fylkesvegen frå Vikeså til Skjæveland.



## Landbruk

Bærebjelken i næringslivet i kommunen er landbruket. Eit aktivt landbruk gir levande bygder, opprettheld kulturlandskapet og gir eit godt miljø. Venstre vil arbeide for ei framtidretta og berekraftig utvikling for landbruket i kommunen. Bjerkreim Venstre vil at Bjerkreim fortsatt skal vera ein viktig jordbrukskommune i Rogaland.

Bjerkreim Venstre vil engasjera seg for å hjelpa dei som ønskjer å starte opp med tilleggsnæring. Landbrukskontoret er det viktigaste konsulentkontoret for bøndene. Bjerkreim Venstre vil arbeida for å auka ressursane her.

